

Frå: Karl Atle Taule <atle@ing-taule.no>
Send: mandag 15. mai 2023 08:28
Til: Post Alver byggesak; Anne Lise Molvik
Kopi: Ahmet Ozsoy; Helge Sandvik
Emne: GBNR 110/3- Syslak- Avslag på søknad om IG for resterande arbeid.

Godmorgen.

For å komma vidare så snart som mulig med bustaden har vi følgjande kommentarar/ forslag.

- Tiltaket er i tråd med arealdelen i kommuneplanen.
- Bustaden er endra og monaleg redusert i areal grunna mellom anna store auke i prisar for byggjevarer og arbeidskostnader. Plassering er uendra i forhold til eksisterande bustad som var riven og også det som vart sendt inn i utgangspunktet. Vi meiner estetikk og funksjon som nytt våningshus på bruk er fullt ivaretatt etter reduksjon/ endring og at heller ikkje husets «karakter» er endra ut frå funksjonen som nytt våningshus. Vi kan ikkje sjå at nye fasader og redusert storlek i BRA har negativ innverknad på hverken naboar eller på andre måtar. Tvert om. Rundskrivet frå KMD har ingen innverknad på dispensasjonane vedkomande utslepp eller anna slik vi også tolkar Dykkar utsegn i brevet med avslag.
- Forslag: Vi sender inn ny søknad om IG kun for bustaden og kjem tilbake til resterande dersom De meiner det er OK.

Vi ynskjer også å sei litt om dei tre andre forholda som er nevnt i avslaget.

- Tilkomstveg. Det er allerede ein «traktor/ kjerrerveg» fram til driftsbygningen der siste forslaget for tilkomst er plassert. Det vil frigjere areal ved å bruke denne også for bustaden og redusere unødvendig støy og aktivitet tett opp mot bustaden.
- Uthusa inngår som ein del av den gamle drifta av garden og som utgjer tunet på eigedomen. Vi meiner det er rimelig at desse vert sett i stand for dei neste 50-60 åra og grunna elde og forfall vert erstatta med nye bygg. Desse har heller ingen innverknad på dispensasjonen som er gitt.
- Det eine uthuset vert større og meir «moderne» og funksjonelt for å ivareta eigarane sine planar for bruken av eigedomen. VA vert for dette tilkobla det nye VA anlegget og vil ikkje føre til overskridning av kapasitet på det godkjente VA anlegget.

Vi meiner at det er viktig å erkjenne at tidene har endra seg også for korleis landbrukseigedomar vert drive og at endringane som her er foreslått vil føre til at denne eigedomen vert ivaretatt til det beste for både eigarar/lokalsamfunn og for å oppretthalde drift i tråd med det arealformålet tilseier.

Eg vil prøve å ringje deg, (Anne Lise Molvik), for ein prat om dette for å unngå mykje e-postar etc fram og tilbake.

Med venleg helsing
Karl Atle Taule



TAULE
ING. TAULE AS

Radøyvegen 1400, 5936 Manger

Mob. 90866010

atle@ing-taule.no